

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep, 0030 Oslo

postmottak@hod.dep.no

Høyringsnotat av 22.juni 2015 frå Helse og omsorgsdepartementet om framlegg til endringar i alkohollova –endringar i retten til sal av alkoholhaldig drikk m.m. Høyringsfrist 22.sept 2015

Høyringsuttale frå Hardanger Siderprodusentlag

Hardanger Siderprodusentlag er ein interesseorganisasjon for siderprodusentar og fruktdyrkarar som har interesse for siderproduksjon.

Laget vart skipa i 2003 og har i dag 39 medlemmer.

I Noreg i dag er det 7 siderprodusentar med statleg løyve – 5 av dei er i Hardanger og er medlemmer i Hardanger Siderprodusentlag.

Hardanger Siderprodusentlag har handsama høyringsuttalen og tykkjer det står svært mykje positivt i høyringsnotatet av 22.juni 2015.

Dette er ei melding laget har venta på lenge og har sjøl arbeidd politisk med å få til gardssal av sider dei siste 10 åra.

Hardanger er eit av dei største fruktdistrikta i Noreg og har lange tradisjonar for foredling av frukt både til mat og drikke. Fruktbønder i Hardanger har vore i front når det gjeld utviklinga av produksjon av norsk fruktvin og sider i fleire hundre år. Dei siste ti åra har kommersialisering vorte ei viktig inntekt til gardsdrifta både til sal og skjenking.

Høyringsnotatet ligg til rette for meir utvikling av tilleggsnæring for fruktbruka i Hardanger, og gjer dei fleire bein å stå på. I tillegg vil dette gje positiv synergieffekt på to viktige næringar i Hardanger – reiseliv og fruktdyrking.

Hardanger Siderprodusentlag vil og streka under at dei er glad for at hovudlinjene i det alkoholpolitiske landskapet ligg fast og at Vinmonopolet ikkje vert rørt ved denne endringa i alkohollova.

Sal av sider betyr svært lite i den totale alkoholomsetnaden noko som og er vist til i høyringa. Sider er meir eit reiselivsprodukt som turistane kan ta med seg enn eit alkoholprodukt som påverkar det norske samfunnet.

Uttale til lovendringane.

Punkta viser/refererar til punkta i høyringsnotatet

5.1 Overordna om framlegget.

Hardanger Siderprodusentlag er samd i at framlegget kjem inn i ein overordna og heilskapleg alkoholpolitikk. Framlegget er eit distrikts- og næringsutviklingstiltak. Den tilrådde endringa er ei svært avgrensa ordning, primært for kulturbasert reiseliv, og vil svært lite påverka norsk alkoholforbruk.

5.2 Kven skal kunna selja?

Hardanger Siderprodusentlag er samd i framlegget om at både statlege og kommunale myndigheiter skal kunna gje løyve til sal av eigenproduserte produkt over 4,7 volumprosent alkohol direkte frå produksjonsstaden.

5.3 Kva varer vil vera omfatta av ordninga?

Hardanger Siderprodusentlag er samd i at ordninga er avgrensa til varer utanfor EØS-avtalen.

Hardanger Siderprodusentlag tilrår alternativ b i lovendringa. Dette grunnjev me med at for produktutvikling og innovasjon er dette viktig. Det har ingen alkoholpolitiske konsekvensar om eit produkt er tilsett brennevin eller alkoholen kjem av gjæring. Både for produsenten og for myndingheitene som skal kontrollera , er det enklast å forhalda seg til inndeling slik at produkta er innan for alkoholgruppe 2 (4,7 – 22%)

5.4 Krav om heilskapleg karakter og tilbod.

Hardanger Siderprodusentlag er samd i at det vert stilt krav om at salsstaden/garden skal ha heilskapleg karakter og seljast som eit nisjeprodukt frå eigen gard. Det er viktig for produsentane at dei sjølve har hand om den kvalitetsmessige, kulturelle og opplevingsmessige delen av skjenking og sal av eigenproduserte varer.

5.5 Krav til produksjonsstad / utsalstad.

Hardanger Siderprodusentlag er samd i at det skal vera ein naturleg samband mellom tilverksingsstad, skjenkestad og salstad. Produksjonen/all tilverknad av alkohol for sal på eige bruk/gard må føregå på same bruket/garden.

Hardanger Siderprodusentlag meiner det er upraktisk for eit gardskonsept å skilja sal og skjenkestad slik alkohollova krev. Gardsturisme vert som oftast utøvd under små forhold, og konstnadskevjangende investeringar for å skilja sals- og skjenkestader kan verka avgrensande for den ønska utviklinga av den nye ordninga. Hardanger Siderprodusentlag ber med dette departementet om å føreslå endring i alkohollova slik at kommunane kan gje dispensasjon til å ha same lokale for skjenking, smaksprøvar og sal av alkohol i eit heilskapleg driftskonsept.

5.6 Innsatsvarene sin opphavsstad.

Merkevara 'Sider frå Hardanger' krev at alle råvarer og produksjon skal vera dyrka og tilverka i Hardanger. Hardanger Siderprodusentlag ber om at det i desse førearbeida til lovendringane bør presiserast at kommunen kan krevja at råvarene må koma frå Noreg og minst 50 % frå eigen region slik at produktet har ein lokal og heilskapleg karakter!

5.7 Volum som kan seljast per år.

Hardanger Siderprodusentlag er samd i at det av omsyn til alkoholpolitiske argument bør setjast eit avgrensingstak for sal direkte frå produsent utanfor Vinmonopolet. Det er sjølv sagt vanskeleg å setja slike avgrensingstak basert på stipulert forventa omsetning. Eit salstak frå gardsutsalet bør ta høgde for framtidig vekst slik at ein ikkje må ha ny runde om dette temaet etter nokre år. Hardanger Siderprodusentlag tilrår ei volumavgrensing på 30.000 liter per år per produsent og opning for at løyvegjevar i einskildtilfelle kan gje dispensasjon til høgare årleg volum.

Hardanger Siderprodusentlag ser at den nye ordninga i hovudsak er retta mot å selja til gjester /turistar. Mykje av dette salet vil gå til utenlandske gjester og vil ikkje ha nok effekt på alkohol forbruket i Noreg.

I praksis vil dette vera eksport og den alkoholpolitiske strategien i denne saka er vel ikkje å leggja begrensingar på eksporten.

5.8 Opningstider.

Hardanger Siderprodusentlag har forståing for dei alkoholpolitiske argumenta for å setja rammer for når sal skal kunna skje direkte frå produsentane, men vil påpeika at dette ikkje kan samanliknast med Vinmonopolet si opningstid når det gjeld både tilbod og sortement.

Hardanger Siderprodusentlag stør departementet og tilrår på det sterkaste alternativ b som gjev kommunen rett til å innskrenka og utvida salstidene innanfor lova si maksimaltid, klokka 20.00 /18.00.

Hardanger Siderprodusentlag vil påpeika problemstillinga med sundagane. I eit heilskapleg konsept så vil smaking og påfølgjande kjøp vera ei naturleg del av gardsturismen.

Bussgrupper som er på tur i landet har ei fast rute og kan ikkje tilpassa det slik at dei ikkje kjem på ein sundag. Hardanger Siderprodusentlag ville sett det naturleg at ein produsent kan selja til grupper som har forhåndsbestilt omvisning med smaking. Hardanger

Siderprodusentlag ber om at det i lovendringa vert teke inn at løyvegjevar kan gje dispensasjon i visse høve ved td omvising av grupper til andre tider for å gje eit eingongsløyve etter søknad.

5.9 Forhold til øvrig regelverk.

Hardanger Siderprodusentlag er samd i at denne ordninga som sal av produkt utanfor EØS-avtalen forhold seg til dei andre generelle reglane for tilverking, skjenking og sal av alkoholhaldig drikk.

Avslutningskommentar.

Hardanger Siderprodusentlag vil med dette igjen visa til at dei tilrådde endringane i alkoholova opnar for næringsmessige og utviklingsmessige mogelegheiter for Hardanger som region. Dette er eit lenge etterlengta distriktspolitisk tiltak og vil medverka til at trenden i tida med lokalmat og lokal drikk får endå støtte fokus og omsetnad.

Hardanger Siderprodusentlag er samd med departementet si vurdering om at *«Det er derfor ikke grunn til å tro at gjennomføring av et slikt forslag vil føre til økt alkoholkonsum blant befolkningen eller på an nen måte få særlige negative alkoholpolitiske konsekvenser.»*

Hardanger Siderprodusentlag vonar at framdrifta i denne saka kan gje lovendring med verknad frå 01.01.2016.

Ulvik 16. september 2015

Hardanger siderprodusentlag
v/ Asbjørn Børsheim – leiar-
Øvre Hakastad,
5730 Ulvik